

Ungdomskontrakt med vilkår: Ein ny sjanse?

Juridisk oppgave

BACHELOROPPGAVE (OPPG300)

Politihøgskolen

2013

Kand.nr :469

Antall ord: 6581

SAMMENDRAG:

Påtalemakta kan etter straffeprosessloven § 69 gi påtaleunnlating til ein sikta når ein ikkje vil foreta seg noko for å ilegge ein straffereaksjon, men ein anser vilkåra for straff for å vere oppfylt. Førebygging av straffbare handlingar blant barn og ungdom under 18 år har høg prioritet i samfunnet. Ved å gje ungdomen ein påtalunnlating med vilkår. Vilråa blir satt etter straffeloven § 53 nr 2, 3, 4 og 5 og er individuelle. Der ein blant anna kan sette krav til skulegang, arbeid, kontroll av rus og kontroll av fritidsaktivitetar. I tillegg blir det i alle ungdomskontraktane sett ei prøvetid på to år som vilkår der ein må avstå frå nye straffbare handlingar. Målet med ein ungdomskontrakt er å førebygge nye lovbrøt eller uheldig utvikling. Gjennom ungdomskontrakten får ungdomen ein ny sjanse ved målretta sosiale hjelpetiltak. Oppgåva byggjer på problemstillinga: Kva vilkår og moglegheiter er det i ungdomskontrakt som påtaleunnlating med vilkår?

INNHOOLD

SAMMENDRAG	1
1 INNLEIING.....	3
1.1 Motivasjon for problemstilling:.....	3
1.2 Problemstilling.....	4
1.3 Begrensningar og definisjonar:	4
1.4 Politiet sine førebyggjande oppgåver:	4
2 METODE	5
2.1 Lover som er aktuelle i den vidare framstillinga:	6
3 GENERELT OM STRAFF OG STRAFFEUTMÅLING	6
3.1 Individual- og allmennprevensjon:.....	7
4 OPPORTUNITETSPRINSIPPET	7
5 PÅTALEUNNLATELSE MED VILKÅR.....	8
5.1 Grense for påtaleunnlating:	9
5.2 Forhold til politiet sin påtalekompetanse	10
6 HOVUDPRINSIPPER FOR UNGDOMSKONTRAKT.....	11
6.1 Kva er ungdomskontrakt ?	11
6.2 Individuelle vilkår	12
6.3 Generelle vilkår.....	14
6.4 Handtering av brot	15
7 TVERRETATLEG SAMARBEID OG TEIEPLIKT.....	15
7.1 Politiet si teiesplikt	17
7.2 Barnevernet si teieplikt	17
7.3 Andre samarbeidsaktørar si teieplikt	18
7.4 Samtykke	19
7.5 Informasjonsutveksling	20
8 AVSLUTNING	20
9 LITTERATURLISTE	21
9.1 Sjølvvalt pensum:	23

1 INNLEIING

1.1 Motivasjon for problemstilling:

Bakgrunnen for val av problemstilling byggjer på erfaringar i frå praksisåret. Eg blei tidleg i praksisåret kjent med ordninga "Ungdomskontrakt" på tenestestaden eg var, der ungdom under 18 år fekk tilbod om påtaleunnlating på vilkår i staden for eit førelegg. Dei fleste av ungdomane som vi i politiet kom i kontakt med, fekk tilbod om dette etter at politiet hadde tatt dei for bruk eller besittelse av narkotika etter legemiddeloven § 31, jf § 24, eller i nokre tilfeller kjøp og sal av narkotika, jf straffeprosessloven § 162, første ledd. Alle som fekk tilbod var førstegangskriminelle, ungdom i aldersgruppa 15-20 år.

Tilbodet kom i gang etter at distriktet sleit med at ungdomsgjengar oppheld seg i sentrum utanfor butikkane, og var til sjenanse for kundane. I tillegg sleit den lokale vidaregåande skulen med dei same ungdomane i skulesamanheng. Fleire ungdomar hadde tidlegare blitt straffa med bøter, utan at det så ut til å ha noko førebyggjande effekt overfor ungdomsmiljøet.

Gjennom praksisåret var eg med i møter med barnevern, samt møter med leiing og miljøkoordinator på vidaregåande skule. Prosjektet med ungdomskontrakt vart starta opp året før eg kom i praksis. Gjennom tida i praksis fekk eg sjå tilfeller der ungdomskontrakt var nyttig. Eg opplevde tilfeller med brot like etter at dei individuelle vilkåra var ferdige. Samt at eg fekk innblikk i tilfeller der ungdomskontrakt ikkje førte fram.

Førebygging av rusmisbruk har høg prioritet i det norske samfunnet, dette går fram av den kriminalitetsførebyggjande handlingsplanen¹. Narkotikamisbruk er eit stor samfunnsproblem som ikkje berre rammar den enkelte misbrukar, men også samfunnet for øvrig. Politiet kan pålegge ungdom under 18 år som har begått, og ungdom under 15 år som mistenktes for å ha begått eit lovbrott, til å møte hos politiet for bekymringssamtale i lag med sine foreldre etter politiloven § 13. Ein bekymringssamtale er meint for å førebygge ei kriminell utvikling blant barn og ungdom². Samstundes kan ein bekymringssamtale og vere inngangen til ein ungdomskontrakt, som påtaleunnlating med vilkår. I 2009 blei det gitt 925 betinga påtaleunnlatingar til mindreårige, medan det i 2007 blei gitt 733 betinga påtaleunnlatingar. Dette utgjorde meir enn halvparten av det totale talet på påtaleunnlatingar³. Dette viser at

¹ Gode krefter – Justis og politidepartementet

² POD – Veileder til bekymringssamtale 2011

³ Prop 135 L 2010 – 2011, sjå kap 9.1.1

bruken av påtaleunnlatingar på vilkår blant mindreårige har blitt meir og meir brukt opp gjennom dei siste åra.

Eg vil i løpet av denne oppgåva sjå på dei juridiske vilkåra som ligger til grunn for ein ungdomskontrakt, og kva muligheiter som ligger i dette omgrepet.

1.2 Problemstilling

Val av problemstilling har eg gjort ut i frå erfaringar frå praksisåret i B2. Mi problemstilling vil derfor bli: *Kva vilkår og moglegheiter ligger i ungdomskontrakt som påtaleunnlating med vilkår?*

1.3 Begrensningar og definisjonar:

Eg har valt å avgrense oppgåva til bruk av påtaleunnlating mot ungdom. Med ungdom meiner eg mindreårige under 18 år. Aldersgruppa som er mest aktuell er 15 til 18 år, då 15 år er den kriminelle lågaldar⁴. Men statistikken viser og at barn under 15 år utøvar kriminelle handlingar. Omgrepa ungdom og mindreårig blir i oppgåva brukt om kvarandre, men tydinga er den same. Eg har valt å konsentrere meg om straffereaksjonen påtaleunnlating som ungdomskontrakt retta mot kvardagskriminalitet. Ungdomskontrakt kan vere ein del av eit større oppfølgingsteam, men eg har valt å konsentrere meg kunn om dei rettslege rammene for ungdomskontrakt, og vil dermed ikkje sjå på oppfølgingsteam noko nærmare i oppgåva.

1.4 Politiet sine førebyggande oppgåver:

Etter politiloven § 1 skal politiet drive førebyggande, handhevande og hjelpande verksemd for å fremme rettssikkerheit, tryggleik og alminneleg velferd.

Å førebygge vil sei å vere i forkant, å hindre at noko negativt skjer⁵. I politiloven § 2 nr 2 står det at politiet skal førebygge kriminalitet og andre krenkingar av den offentlege orden og sikkerheit.

Det finns fleire ulike strategiar å førebygge kriminalitet på, fokuset i denne oppgåva vil vere personorientert og lokalorientert. Det personorienterte tar utgangspunkt i individet og dei bakanforliggande årsakene til lovbrøt. Medan lokalorientert førebygging tar utgangspunkt i samarbeidet mellom politiet, kommunen og barnevern. Lokalorientert førebygging er også

⁴ Straffeloven § 46

⁵ Myhre Lie 2011

nemnt som eit ledd i politiloven kor det står at politiet skal samarbeide med andre myndigheiter og organisasjonar tillagt oppgåver som berører politiet sitt virkefelt, jf pl. § 2 nr 7.

Hovudmålet gjennom den personorienterte førebygginga er å avdekke og analysere ungdomsmiljø som begår eller har stor risiko for å begå kriminalitet. Dette gjennom å få oversikt over ungdomsmiljøer og identifisere dei ungdomane som er i fare for å utvikle eller har utvikla problemåtferd. Gjennom kontaktetablering og relasjonsbygging opp mot ungdomsmiljøa ved oppsøkande verksemd⁶

I den lokalorienterte er etablering av SLT⁷ – ordning eit eksempel på ein modell for organisering av samarbeidet. SLT handlar om å bygge eit godt samarbeid mellom politi, kommune og andre aktørar som kan vere naturleg å samarbeide med. Samarbeidet i SLT er retta mot barn og unge mellom 12-18 år.

2 METODE

Utgangspunktet for denne oppgåva skal vere ei juridisk tilnærming. Eg har i oppgåva konsentrert meg om søk i rettskjelder etter juridisk litteratur. Eg har valt å basere oppgåva på pensum frå Politihøgskulen og relevant teori. Prosessen med å søke opp material blei gjort gjennom BIBSYS, og dei søkefunksjonane som er tilgjengelege på biblioteksida på www.phs.no. Mesteparten av informasjonen eg har fått her er teori som kan støtte opp under dei juridiske vilkåra.

Ved bruk av nettportalen www.lovdata.no har eg søkt etter relevant juridisk litteratur opp mot påtaleunnlating. Eg har tatt utgangspunkt i dei relevante lovene i straffeprosessen og strafferetten og vinkla søket inn på dei, ved å bruke forarbeider, rundskriv, litteratur og lovkommentarar.

I fasen som omhandla innhenting av juridisk litteratur fant eg fort ut at det var utfordrande å finne rettsavgjersler som kan belyse bruk av ungdomskontrakt. Bakgrunnen for dette er at påtaleunnlating på vilkår som ungdomskontrakt, blir avgjort på påtalestadiet, og at det dermed ikkje føreligger rettsavgjersler på dette området som eg kan finne. For å få ein best mogleg framstilling av problemstilling og tema har eg forsøkt å samle inn informasjon og litteratur som fannar om eit breitt nedslagsfelt.

⁶ Lie 2011, side 61

⁷ Samordning av lokale kriminalitets førebyggjande tiltak

2.1 Lover som er aktuelle i den vidare framstillinga:

Eg har her laga ei liste over aktuelle lover som er med i den vidare framstilling med fullt namn og forkortelsar. Vidare i oppgåva vil eg kun bruke forkortelsar. Forkortingane står her på slutten av kvar lov.

Lov av 22. mai 1902 nr 10: Straffelov – Strl.

Lov av 22. mai 1981 nr 25: Lov om rettergangsmåten i straffesaker – Straffeprosessloven – Strpl.

Lov av 4.august 1995 nr 53: Lov om politiet – Politiloven – Pl.

Lov av 4.desember 1992 nr 132: Lov om legemidler m.v. – Legemiddeloven – Lml.

Lov av 17.juli 1992 nr 100: Lov om barnevernstenester – Barnevernloven – Bvl.

Forskrift av 28.juni 1985 nr 1679: Forskrift om ordning av påtalemyndigheten – Påtaleinstruksen – Pi.

3 GENERELT OM STRAFF OG STRAFFEUTMÅLING

Den tradisjonelle definisjonen av straff er at: ”Straff er et onde som staten tilføyer en lovovertreder på grunn av lovovertrædelsen, i den hensikt at han skal føle det som et onde⁸”.

Vi kan i dag skilje mellom to ulike perspektiv på kvifor vi straffer. Ein straffer for å førebygge framtidige lovbrøt, dei relative straffeteoriane. Og ein straffer for å gjengjelde krenkelsen, dei absolute straffeteoriane. Dei absolute straffeteoriane om hemn og gjengjelding og det mosaiske talionsprinsippet ”øye for øye, tann for tann” er eit uttrykk for gjengjeldelsestankar som har hatt stor bærekraft gjennom historia⁹. Denne straffeteorien er i vårt samfunn i dag ikkje akseptert på same måte som den relative straffeteorien. I dag er straffa sitt hovudformål å beskytte mot samfunnskadeleg opptreden og førebygge nye straffbare handlingar. Straff skal med andre ord vere med å påverke menneskeleg åtferd og har med dette nokre grunnleggande formål. Ein skiljer mellom individual- og allmennprevensjon.

⁸ Lie 2011, side 124

⁹ Andenæs 1997, side 12

3.1 Individual- og allmennprevensjon:

Hovudmålet med individualprevensjon er at straffa skal ha ein førebyggjande verknad på gjerningspersonen og påverke den enkelte lovbrytar til ikkje å begå nye straffbare handlingar. Straffa skal følast så ubehagleg og avskrekkande på lovovertrædaren, at han ikkje begår nye straffbare handlingar seinare. Samtidig skal straffa avskrekke andre enn gjerningspersonen frå å begå straffbare handlingar. Allmennprevensjon skal vere moraldannande og vanedannande for folket¹⁰. Denne felles interessa for både allmennprevensjon og individualprevensjon er å avskrekke lovbrytaren til å gjere seg skyldig i nye straffbare handlingar.

Det norske folk er sterkt prega av allmennpreventive og individualpreventive hensyn ved utmåling av straff, og i mange tilfeller kan det oppstå eit spenningsforhold mellom desse omsyna. Allmennpreventive omsyn kan tilsei ei streng straff, medan dei individuelle omsyna taler for ein mildare straffereaksjon, gjerne i form av samfunnsstraff eller rehabilitering¹¹. Bruk av ungdomskontrakt kan for andre ungdommar verke som ein lettvind måte å sleppe straff på, medan det for dei ungdomane som går på kontrakt kan vere starten på ein ny veg, og ei lysare framtid. Det å kunne hjelpe ungdomen til å gjennomføre utdanning, og gi nye håp om ei god framtid. Dei allmennpreventive hensyn og dei individualpreventive hensyn er ei aktuell problemstilling fordi samfunnet endrar seg raskt. Kva som var aktuelt som allmennpreventive hensyn tidlegare, er ikkje like aktuelt i dag.

4 OPPORTUNITETSPRINSIPPET

Politiet kan, og har ein plikt til å innleie etterforsking når dei har kunnskap om at det kan ha blitt begått ei straffbar handling¹². Etter strp. § 224 blir det foretatt etterforsking når det som følgje av anmeldelse eller andre omstendigheiter er rimeleg grunn til å undersøke om det foreligger eit straffbart forhold. Når det gjeld rimeleg grunn er kravet at det skal vere sannsynleg at det har skjedd eit straffbart forhold, men det trengs ikkje å vere sannsynsovervekt. I bedøminga om det føreligger rimeleg grunn tar ein utgangspunkt i sannsynet, proporsjonalitet og sakligheit i forbindelse med det straffbare forholdet. Det er politiet som etterforskar, jf strpl § 225 Viss ikkje anna er framstilt i loven er det offentleg påtale, jf strl § 77.

¹⁰ Kippe 2004, side 27

¹¹ NOU 2003: 15, kap 4.2.4

¹² Straffeloven §§ 77 og 118 og Straffeprosessloven §§ 224 og 225.

I straffeprosessloven finner ein to former for påtaleunnlating. Påtaleunnlating etter opportunitetsprinsippet, jf straffeprosessloven § 69 eller påtaleunnlating av prosessøkonomiske grunner, jf straffeprosessloven § 70¹³.

Legalitetsprinsippet i straffeprosessloven medfører at politiet i utgangspunktet har ei plikt til å reagere dersom det er konstatert lovbrøt. Bagatellmessige overtredelsar kan avgjerast med ein åtvaring på staden. Det er med dette eit situasjonsforankra skjønn¹⁴. Avklaring opp i mot om det frå forvaltninga si side ligg føre ei handlingsplikt til å sanksjonere, kjem til uttrykk ved at det i den aktuelle lovheimelen blir brukt omgrepa ”skal” eller ”kan”¹⁵. Skal gir uttrykk for at politiet skal reagere, og sette i verk tiltak. Ei slik handlingsplikt som blir framstilt her, kan både ha positive og negative sider. Det kan gjere det enklare for forvaltningsorgana å bruke sin kompetanse, ved at dei slepper å bruke tid og ressursar på å vurdere om dei skal sette i verk tiltak. Samtidig blir det meir føreseieleg for dei som sanksjonane vil kunne bli retta mot. I mange tilfeller kan det og tenkast at sanksjonar vil kunne framstå som ei dårleg løysning. Dette kan vere tilfeller der særlege forhold til gjerningspersonen eller saken gjer seg gjeldane, og det ut i frå ei heilskapeleg vurdering vil vere ugunstig å bruke sanksjoner.¹⁶ Der det heller vil kunne vere meir hensiktsmessig å gje råd, rettleiing eller åtvaring. Dette er særleg aktuelt i mindre bagatellmessige forseelser, spesielt forhold knytt til vegtrafikkloven.

5 PÅTALEUNNLATELSE MED VILKÅR

Ein påtaleunnlating er ei erklæring frå påtalemakta til ein sikta at ein ikkje vil foreta seg noko for å ilegge ein straffereaksjon, men at ein anser vilkåra for straff for å vere oppfylt. Ein slik påtaleunnlating inneberer ei skyldkonstatering, det vil sei at påtalemakta vurderer dei bevisa dei har som så sterke at dei vil kunne føre til felling ved domstolsbehandling¹⁷. Det går fram av strpl. § 69 kva avkall frå påtale frå ei straffbar handling inneber. Dette er ei påtaleunnlating etter *opportunitetsprinsippet*, då påtalemakta kan velje om ein vil påtale forholdet eller ikkje.

For at påtale kan unnlatast må alle dei straffrettslege vilkåra føreligge. (1) Det må finnest eit straffebod som dekkjast av handlinga, (2) Det finnest ikkje straffridomsgrunnar, (3) Gjerningsmannen har utøvd tilstrekkelge med skyld og (4) Gjerningsmannen må vere

¹³ Riksadvokatens rundskriv 6/1989, Del I

¹⁴ Politirett 2004, side 422

¹⁵ NOU 2003:15, sjå kap 12.4

¹⁶ NOU 2003:15, sjå kap 12.4

¹⁷ Riksadvokatens rundskriv 6/1989 Del III

tilreknelege. Det er ikkje noko krav om at gjerningsmannen har tilstått forholdet¹⁸. Når det gjelder kravet til bevis i saken, må desse vere av same karakter som krevjast ved utskriving av ein tiltale, dvs at det må vere overveiande sannsynleg at han kan straffast. Skyld må vere bevist utover ein einkvar rimeleg tvil. I følgje Strandbakken i Andenæs er eit beviskrav på 90% tilstrekkeleg¹⁹. Dersom påtalemakta kjem til at for eksempel forholdet ikkje er straffbart eller at bevisa ikkje er sterke nok, må saken henleggjast formelt sett etter bevisets stilling. Det er ikkje høve til å kombinere påtaleunnlating med for eksempel bot for ein og same straffbare handling. Alderen er satt til at ein bør vere under 18 år eller over 60 år for å få ein påtaleunnlating²⁰.

5.1 Grense for påtaleunnlating:

Det stilles ikkje i straffeprosessloven noko eksakt grense for påtaleunnlating. Likevel er fleirtalet av påtaleunnlatingane knytt opp mot mindre graverande forhold.²¹ Ofte vil det vere dei individuelle og allmennpreventive verknadane som talar imot at straffeprosessloven § 69 blir gjeldande. Som eit utgangspunkt tar ein utgangspunkt i at jo meir graverande eit forhold er, jo sterkare forventar folket at handlinga blir straffa. Derfor må dei individuelle grunnane vere endå sterkare. Riksadvokaten uttaler samstundes at ein bør vere varsam med å gi avkall på påtale i alvorlege volds-, sedlighets- og narkotikaforbrytelsar, med mindre det føreligger særleg skjerpande forhold²².

Etter første ledd må det føreligge ”*særlege forhold*” for at påtaleunnlating normalt skal kunne skje. Dei særlege forholda må veie tyngre enn sakens art og dei allmennpreventive grunnene, forholda elles. Ung alder er blant anna eit av dei konkrete forholda ein tar i betraktning når det gjeld særlege forhold. Andre vilkår som kan gjere seg gjeldande er om det er førsteganslovbrytarar og kor alvorleg den straffbare handlinga er²³.

Påtaleunnlating etter § 69 kan gjerast betinga, og det kan settast vilkår for påtaleunnlatingen, jf andre og tredje ledd. Vilkåret etter andre ledd er at sikta ikkje gjer seg skyldig i nye straffbare forhold i eit tidsrom på to år. Når ein sett vilkår etter tredje ledd, kan påtalemakta velje blant dei vilkår som strl. § 53 nr 2,3,4, og 5 setter.

¹⁸ Fredriksen 2009, side 219

¹⁹ Andenæs § Myhrer, 2009, side 55 i kompendium Hovudområde Etterforsking

²⁰ Fredriksen 2009, side 218

²¹ Riksadvokatens rundskriv 6/1989, Del III

²² Riksadvokatens rundskriv 6/1989

²³ Prop. 135L, sjå kap 9.1.1

5.2 Forhold til politiet sin påtalekompetanse

Riksadvokaten skriver at bruk av ungdomskontrakt med vilkår skal skje etter tre kriterier:

”Gjerningsmannens alder, arten av den/ de straffbare handlinger og hvor alvorleg kriminaliteten er.²⁴” Når det gjelder gjerningsmannens alder, tar ein utgangspunkt i mindreårige mellom 15 – 18 år. Då ungdom under 15 år, ikkje vil kunne straffast på bakgrunn av at dei ikkje er strafferettsleg tilregnelege, jf strl. § 46..

Påtaleunnlating på vilkår som ungdomskontrakt, kan nyttast i straffesaker kor den primære påtalekompetansen ligger hos politiet. Dette inneberer at avgjørelsesforma kan brukast overfor forseelser, jf strpl § 67 andre ledd, første punktum og forbrytelsessaker kor påtalekompetansen er delegert til politiet, jf strpl § 67, andre ledd, andre punktum, jf påtaleinstruksen § 22-2²⁵. Riksadvokaten angir to grunner til at ein slik avgrensing finner sted. For det første gir gruppa forseelser og nærmare bestemte forbrytelser ein skildring av ”hverdagskriminalitet” som ofte blir begått av ungdom. I forhold til kva ein definerer som ”hverdagskriminalitet” er dette knytt til lovbrøt i forbindelse med bruk, bestittelse, kjøp og sal av narkotika, vinningslovbrøt, legemsfor nærmelser, samt brøt på vegtrafikklovgivinga. Det er like viktig at denne avgrensinga er med på å gi saka kortare saksbehandlingstid då det er det same organet som har avgjørelseskompetanse som også deltar i forhandlingar om ungdomskontrakt, og kan sikre at den påtalemessige avgjørelsen om ungdomskontrakt faller kort tid etter at vilkåra i ungdomskontrakten er utforma. Det er viktig å presisere at ein føresetnad for å fastsette vilkår er at ungdom med foreldre får høve til å uttale seg om vilkåra som blir sett²⁶. Dette bør komme fram gjennom påtaleunnlatinga som påtalemakta utferder.

Når det gjelder kor grensa på handlingar går viser Riksadvokaten til at ungdomskontrakt ikkje skal nyttast der handlingane isolert sett er så alvorlege at gjerningsmannens unge alder tatt i betraktning vil resultere i påstand om ubetinga fengsel. Ved samanstyrt av fleire straffbare handlingar blir det peikt på at ein befinner seg i kjernen av kva anvendelsesområdet for ungdomskontrakt er. Her blir det fastsatt ei grense på påtaleunnlating med ungdomskontrakt viss det elles ville bli lagt ned ein påstand om ubetinga fengsel i mindre enn seks månader²⁷. Er det snakk om ran, grove voldsforbrytelser eller truslar, vil ikkje ungdomskontrakt gjere seg gjeldande fordi den straffbare handlinga er så alvorleg. Dette kan og knytast opp mot det

²⁴ Brev frå riksadvokaten 14.juni 2001, side 1

²⁵ Brev av riksadvokaten 14. mai 2001, side 2

²⁶ Straffeloven § 53 nr.1 siste setning

²⁷ Riksdavokatens direktiv av 14.mai 2001, side 2

riksadvokten viser til i forbindelse med påtaleunnlating at alvorlege volds- og narkotika forbrytelser i dei fleste tilfeller vil falle utanom.

Ser ein på dette opp i mot barne- og ungdomskriminalitet vil dei individuelle hensyna til sikta sin alder, handlinga sin alvorlighetsgrad, og dei etterfølgande omstendighetene knytt til viktige resosialiseringstiltak i mange tilfeller kunne veie tyngere enn den allmennpreventive verknaden og gå foran. Samtidig vil ein del tilfeller falle utanfor på grunn av at den straffbare handlinga er for alvorleg og allmennpreventive hensyn må veie tyngst, sjølv om ungdomskontrakt ville kunne ha vert eit riktig og treffsikkert tiltak.

6 HOVUDPRINSIPPER FOR UNGDOMSKONTRAKT

6.1 Kva er ungdomskontrakt ?

Ungdomskontrakt er ein ordning med alternativ til straff for kriminalitet som er begått av ungdom. Hensikta med ein ungdomskontrakt er å førebygge nye lovbrøt. Hovudmålgruppa for ungdomskontrakt er barn og unge mellom 15-18 år. Ungdomskontrakt er ein avtale mellom politi og kommunale myndigheiter, sosialetat og barnevern på den eine sida og lovbrøtar med samtykke frå foreldre på den andre sida. Avtalen blir inngått umiddelbart etter at lovbrøtet er oppklara. Dette for at ungdomen skal sleppe å vente i lengre tid på ein lang strafferettsleg prosess, men føle at ting blir tatt tak i med eingong²⁸

Eit eksempel på ei kontrakt: Det var ein gut på 16 år som blei tatt for å ha røyka hasj. Guten innrømma forholdet i avhøyr hos politiet. Politiet gav guten tilbod om ei ungdomskontrakt. I kontrakten står det at han forpliktar å halde seg rusfri, og forpliktar seg til å møte på skulen utan gyldig fråver. Samt at han pliktar å delta på evalueringsmøter med føresette, ein kontaktperson for ungdomskontrakten, og andre aktuelle instansar. Hadde guten blitt tatt for skadeverk i lag med røyking av hasj kunne eit punkt på ungdomskontrakten vert at han plikta å gjere opp for seg i henhold til dei skader han har gjort. Reparerer gjerder, rydde opp eller liknande.

Marit Egge skriver at: ..”kontrakten har eit dobbelt formål: Unge lovbrøtare skal gjere opp for seg samtidig som de skal få en ny sjanse”²⁹. Kontrakten legger og stor vekt på rehabilitering. Innhaldet i kontrakten skal vere individuelle. Ungdomen sjølv i lag med foreldre og den ansvarlege, i mange tilfeller leder for ungdomsavsnittet, kjem til eining om kva vilkår som

²⁸ Egge 2004

²⁹ Egge 2004, side 54

skal setjast i kontrakten. Politiet setter i alle kontraktane som grunnvilkår at ungdomen må holde seg unna nye lovbrøt, før ein sette andre vilkår som skal ha som utgangspunkt å betre dei forholda som ungdomen sliter med i sin kvardag.

Ungdomskontrakten byggjer på frivilligheit og medverknad frå både ungdommen sjølv og føresette. Skal kontrakten fungere må den vere motiverande for ungdommen til å bli lovlydig. Dette gjerast ved at ungdomen sjølv blir utfordra til å utforme vilkår som dei trur kan bidra. ”Ideen er at ungdomskontrakt skal bli valgt fordi den oppfattes som *en bedre, men i utgangspunktet likeverdig, reaksjonsform*, og at den skal oppleves *rettferdig og logisk* for de ungdommene som får tilbudet.”³⁰

Vi skal i dei neste avsnitta sjå på kva vilkår ein kan sette i ein kontrakt.

6.2 Individuelle vilkår

”En påtaleunntatelse utan vilkår vil kunne oppleves som en ny bekreftelse på at det er mulig å ”komme unna med” lovbruddene”³¹

Vi kan skilje mellom generelle vilkår og individuelle vilkår til ein ungdomskontrakt. Der det generelle vilkåret rettar seg mot påtaleunntatinga med ei betinga prøvetid på 2 år. Grunnvilkåret er at den domfelte ikkje må begå nye straffbare handlingar³².

Individuelle vilkåra har ei kortare tidsramme enn det generelle og blir utferdiga med tanke på kva tiltak som er nyttig å setje inn overfor ungdomen. Utgangspunktet er at dei individuelle vilkåra skal settast etter ei individuell vurdering av ungdomen. Problemet her kan bli at det vil føre til auka ressursbruk, ein må vurdere kvar enkelt sak grundigare, samt at det vil kunne føre til at like saker blir behandla ulikt. Derfor meiner justis- og politidepartementet at omsynet til å finne ein passende reaksjon for den enkelte ungdom bør vege tyngst, og at det gjennom ei konkret vurdering blir sett ein individuell prøvetid mellom seks månader og to år. Dermed er ei tilråding at prøvetida for dei individuelle vilkåra fastsettast til 6, 12, 18 eller 24 månader.³³

Det følgjer av dette at dei individuelle vilkåra som skal knytast til påtaleunntatinga må kunne vere heimla i straffeloven § 53 nr 2, nr 3 bokstav a-g, nr 4 og nr 5. Dette kan blant anna vere krav om skulegang, deltaking i arbeidsliv eller kontroll av rusbruk. Eg kjem nærmare inn på kva vilkår som kan settast lengre ned i drøftinga. I den grad ungdomskontrakten inneheld

³⁰ Egge 2004, side 85

³¹ Prop 135 L 2010-2011, side 87

³² Universitetsforlaget – kommentarutgave.no straffeloven § 53, side 2

³³ Prop 135 L 2010 – 2011, kap 9.1.4, side 87

bestemmelser som ikkje kan heimlast i dei foran nevnte bestemmelser, kan desse ikkje settast som vilkår for å unnlata påtale. Egge viser til at det er viktig at vilkåra som blir satt treffer risikofaktorane som gjer at ungdomen begår kriminalitet³⁴. Risikofaktorar som kan vere aktuelle er om ungdomen har kriminelle venner, er med i kriminelle gjenger, hyppig bruk av rusmidler, unndrar seg voksen kontroll, utvikling av antisosial åtferd eller det kan vere familiære problem eller lite sosialt nettverk og lite interesse for skule. Samstundes er det viktig at den kriminelle handlinga som er utgangspunkt for kontrakten ikkje blir gløymt opp i mot risikofaktorane.

I strl. § 53 nr 3 bokstav a kan påtalemakta sette som vilkår at ungdomen fullfører utdanning. Utgangspunktet for at dette skal kunne gjennomførast må vere at ungdomen er motivert til å gjennomføre den vidaregåande utdanninga. Vilkåret kan då vere med å forsterke motivasjonen til å fullføre utdanninga³⁵. Mange av ungdomane på kontrakt sliter på skulen, er lite tilstede, og er i ferd med å droppe ut. Ved å sette vilkår om å møte på skulen kan dette vere eit steg i riktig retning. Samarbeid med skulen, oppfølgingstenesta og PPT³⁶ vil vere viktig for å kunne gjennomføre dette. Dilemma som kan oppstå her er at ungdom på kontrakt blir følgt strengare opp på skulen enn andre ungdommar. Dette ved at reglementet på skulen blir handheva strengare enn det som er vanleg for medelevar utan kontrakt³⁷. Dette kan få ei uheldig utvikling, då dette i verste fall kan føre til at ungdomen ikkje vil kunne fullføre utdanninga, og at dei lett droppar ut av skulen. Eit anna syn på dette kan vere at ungdommar som har fått tilbod om ungdomskontrakt kan ha nytte av strenge kontrolltiltak for å få livet på rett kjøll. Det kan derfor i mange tilfeller vere naturleg at det blir stilt ekstra krav til desse ungdomane. Eit anna alternativ kan vere at dersom ungdomen sluttar på skulen, kan ein gjennom kontrakten forplikte han til å vere ein aktiv jobbsøkar, og følgje opp ein eventuell jobb på dei vilkår som arbeidsgivar stiller.

”Vilkåret om ”samkvem med bestemte personar” kan brukast for å holde domfelte borte frå personer som kan representere en særleg fristelse til gjentakelse av straffbare handlingar.”³⁸ Det kan vere at mindreårige har kontakt med eldre og meir erfarne ungdommar i det kriminelle miljøet, og det kan vere nyttig å holde den mindreårige borte frå desse for å hindre

³⁴ Egge 2004, side 60

³⁵ Universitetsforlaget – kommentarutgave.no: Straffeloven § 53, side 5

³⁶ Pedagogisk – psykologisk teneste

³⁷ Egge 2004, side 75

³⁸ Universitetsforlaget – kommentarutgave: Straffeloven § 53 nr 2, side 5

ny kriminalitet. Det kan vere problem å oppretthalde dette vilkåret, då ein ikkje vil ha kontroll over kven ungdomen til einkvar tid oppheld seg med.

Etter bokstav c kan ein sette vilkår om at den domfelte skal ”avholde seg fra å bruke alkohol eller andre berusende eller bedøvende midler». Erfaringa mi frå praksisåret var at alle ungdomane vi hadde på kontrakt var blitt tatt for bruk av narkotika. Ungdom må dermed møte på politistasjon, lensmannskontor eller helsestasjon for å avgje urinprøve. Her er det mulighet til å både ta uanmeldte urinprøver eller urinprøver i forbindelse med at ungdomen møter til månadleg samtale.

Vidare kan det og settast vilkår at domfelte forpliktar seg til å gjere opp for seg i henhold til skader. Det kan vere snakk om skadeverk i forbindelse med tagging, eller at ein gjennom konfliktrådsbehandling etter strpl. § 71, kjem til einigheit om at ungdomen skal arbeide for offeret for å reparere skader som er gjort, t.d. arbeide i hage.

Det siste punktet i kontrakten er at ungdomen forplikter seg til å delta på evalueringsmøter med føresette, kontaktpersonen for ungdomskontrakten, og andre aktuelle samarbeidspartnarar i mange tilfeller barnevernet. Evalueringsmøte blir ofte leia av ein representant for kommunen som har hovudansvar for kontraktane, eller leder for ungdomseininga på det førebyggjande avsnittet.

6.3 Generelle vilkår

Ved betinga påtaleunntatelse, er prøvetida satt til to år. I henhold til regelverket gis det ingen adgang til kortare prøvetid. Ulempa med ei generell prøvetid på to år, kan vere at det i tilfeller der det er snakk om mindre alvorlege lovbrøt som nasking vil to år kunne sjåast på som lang tid. I motsatt tilfelle vil ein som har blitt tatt for bruk og besittelse av narkotika samt nasking, kunne få den same prøvetida på to år. For mindre alvorlege forhold kan dermed den lange prøvetida verke uhensiktsmessig. Det kan derfor vere hensiktsmessig at dei individuelle vilkåra er av kortare varighet. I politidistriktet eg hadde praksis, var dei individuelle vilkåra mellom 6 – 12 månader. Dei fleste av kontraktane hadde ei individuell grense på 9 månader.

Problemstilling som ein står overfor er om dei individuelle vilkåra skal vere like lange som dei generelle, eller at ein skal kunne ha ein periode der kunn dei individuelle vilkåra er oppfylt.

6.4 Handtering av brot

Ved handtering av kontraktsbrot vil det vere forskjell på brot på det generelle vilkåret (ingen nye lovbrot) og på eitt eller fleire av dei spesielle vilkåra. Er det nye lovbrotet langt mindre alvorleg enn lovbrotet som utløyste kontrakten er det ikkje noko automatikk i at kontrakten blir avslutta, dette må vurderast i kvart enkelt tilfelle. Viss det er ny kriminalitet av likearta karakter eller manglande vilje til å betale erstatning viser riksadvokaten til at dette bør lede til at ny forfølging blir tatt opp etter strpl. § 74, fjerde ledd³⁹. Eit eksempel kan vere ein ungdom som blir tatt for bruk og besittelse av mindre mengder narkotika, 6 månader før dei generelle vilkåret går ut, blir han tatt på nytt for det same lovbrotet. Ungdomen vil då i dette tilfelle kunne få eit samla førelegg for begge handlingane.

Brot på dei individuelle vilkåra vil kunne vurderast enkeltvis, då det kan vere tale om mindre eller større brot. Påtalemakta har og moglegheit i prøvetida til å oppheve eller endre, herunder skjerpe vilkår som er satt for ein påtaleunnlating utan at det er brot på dei individuelle vilkåra, jf riksadvokatens rundskriv 6/1989.

Problemet oppstår her når dei individuelle vilkåra er avslutta, medan det generelle vilkåret fortsett gjelder. Egge framstiller denne problemstillinga som ei fagleg og pedagogisk ”gråsone”. Då brot på kontrakten i denne perioden vil vere vanskeleg å handtere⁴⁰. Ungdomen er då utanfor ”kontrollen” til politiet, i den forstand at lovbrot som blir begått må følgje dei same retningslinjene etterforskingmessig som andre lovbrot begått av andre. Kan det derfor vere hensiktsmessig at dei individuelle vilkåra har lik varigheit som dei generelle, eller vil det føre til ein bråare overgang til kvardagslivet, og ein periode med kunn generelle vilkår vil kunne vere hensiktsmessig i form av at ungdomen er klar over konsekvensane av nye straffbare handlingar. Dette er eit vanskeleg spørsmål å svare på.

7 TVERRETATLEG SAMARBEID OG TEIEPLIKT

Politiloven § 2, første ledd nr 6 framstiller at politiet skal samarbeide med andre organisasjonar. Dette vil sei at samarbeid med barnevern, skule, PPT, helsesøster i forbindelse med barne- og ungdomskriminalitet er eit lovpålagt tverretatleg samarbeid. Utgangspunktet for eit godt tverretatleg samarbeid er at alle involverte parter er klar over sine egne og andre sine rolle i samarbeidet. Ved å avklare dei ulike samarbeidspartnarane sine rolle, vil ein

³⁹ Riksadvokaten 6/1989, kap VI

⁴⁰ Egge 2004, side 80

kunne unngå uheldige misforståingar og situasjonar i det vidare samarbeidet. Kunnskap om kvarandre sitt arbeidsfelt vil vere med å auke forståinga for kva som er realistisk å oppnå i det tverretatlege samarbeidet om ungdomane. Gjennom rolleavklaringa er det og viktig å avklare kva moglegheiter og begrensningar teieplikta setter i eit slikt samarbeid. Dette vil eg komme nærmare inn på nå, ved å avklare kva teieplikt dei ulike aktørane må forholde seg til sett opp mot politiet si teieplikt.

Teieplikt kan definerast som ”en kommunikasjonssperre som skal hindre at opplysning O som A har kjennskap til eller tilgang til, ikkje blir tilgjengelig for B”⁴¹.

Reglane om teieplikt kan delast inn i to hovudgrupper: Lovføresegn som skal beskytte om private interesser (parts- og klienthensyn) og vedtak som skal beskytte offentlege interesser. Gjennom tverretatleg samarbeid er det viktig å skilje mellom når ein plikter å gi den andre part opplysningar, når ein har moglegheit til å gje den andre part opplysningar, og når ein ikkje har lov til å gje den andre part opplysningar. Aktuelle samarbeidspartnarar i forbindelse med ungdomskontrakt vil kunne vere barnevern, skule, oppfølgingstenesta, PPT og helsesøster. Eg vil i den vidare framstillinga konsentrere meg om private interesser, og vern om opplysningar som er knytt til personlege forhold som er aktuelt i forbindelse med ungdomskontrakt.

Påtaleinstruksen kapittel 3 og forvaltningslova sine reglar om teieplikt byggjer opp under den straffeprosessuelle teieplikta. Begrepet ”noens personlege forhold” omfattar både opplysningar om helse, økonomi og liknande, så vel som personopplysningar vedrørende fødselsdato, sivilstatus og anna. Reglane knytt til personlege forhold er ein alminneleg del av personvernet⁴². Personvern inneberer vern om ulike private interesser. Det sentrale formålet til reglane er å sikre at enkeltindivid får kontroll og oversikt over kva personopplysningar som er delt med andre parter enn kva primærformålet med opplysningane var. Ein anna hensikt med dette er at kvar enkelt person skal få moglegheit til å vurdere og avgjere kva andre skal få av kunnskap vedrørende hans eller hennas sine personlege forhold.⁴³ Teieplikt regelen kan også begrunnast i allmennheita si tillit til forvaltninga og påtalemyndigheten. Den som avgir opplysningar av sensitiv karakter, skal vere verna mot at opplysningane blir gitt vidare til utanforståande.

⁴¹ Myhrer 2012, side 6

⁴² Myrher 2001, side 78

⁴³ NOU 2009: 15, kap 6.1

7.1 Politiet si teiesplikt

Politiet sin teieplikt er regulert i forvaltningsloven §§ 13-13f, straffeprosessloven §§ 61a-d og § 216i, supplert med politiloven § 24 og strafferegisteringsloven § 8. Politiet har etter straffeprosessloven § 61a første ledd nr 1 teieplikt om personlege forhold. Teieplikta inneberer at politiet ikkje kan formidle personopplysningar dei får kjennskap til gjennom arbeidet sitt til uvedkommande. Dette er grunngeve med at den personen som opplysningane angår, skal ha kontroll over spreing av sine private opplysningar.

Eit unntak frå reglane om teieplikt er at politi og påtalemakta har rett til å gi teiepliktbelagte opplysningar vidare til andre offentlege etatar i den hensikt å førebygge kriminalitet.⁴⁴

7.2 Barnevernet si teieplikt

Barnevernet er eit kommunalt forvaltningsorgan, og følger som politiet det sentrale teiepliktsregleverket i forvaltningsloven §§ 13 flg. Barnevernet har og teieplikt etter bvl. § 6-7. For barnevernet er det gjort begrensningar og unntak frå fvl. § 13b første ledd nr 5 og 6, som handlar om adgang til å gje opplysningar til andre organer eller anmelde straffbare forhold til politiet. Barnevernet har også teieplikt i forhold til andre offentlege ansatte, som for eksempel politiet. Dette er grunngeve med at for at barnevernet skal kunne utføre sine oppgåver er dei avhengig av tillit til publikum. Eit godt tillitsforhold er ein føresetnad for åpenheit, dialog og samarbeid. Blir tillitsforholdet skada kan det i verste fall føre til at klientar, publikum held tilbake informasjon, eller ikkje tar kontakt med barnevernet i frykt for at opplysningar skal bli vidareformidla.⁴⁵

I forhold til barnevernet si teieplikt både ved å gi å få opplysningar er det viktig å skilje mellom to ulike former for teieplikt. Det er opplysningsrett og opplysningsplikt.

Opplysningsrett inneberer at barnevernet som sitter med personopplysningar har moglegheit til å dele teiepliktsbelagt informasjon viss dei meiner det gagnar deira arbeid med det enkelte barn.⁴⁶ Opplysningane kan berre gis når det er nødvendig for å fremje barnevernet sitt arbeid, eller for ”å førebygge vesentleg fare for liv eller alvorleg skade for noens helse”, jf bvl. § 6-7, 3.ledd. Barnevernet kan i sitt arbeid ha behov for å formidle informasjon til politiet for å hente inn opplysningar i ein sak, for å kunne belyse saken betre og legge til rette dei beste tiltaka overfor barnet. Viktig å understreke at det er her er hensyn til klientforholdet som har slått

⁴⁴ Myrher 2011, side 9

⁴⁵ Rundskriv Q 24.mars 2005, side 6 -7

⁴⁶ Rundskriv Q 24.mars 2005, side 18

igjennom, og ein føresetnad er at det er heilt spesielle tilfeller som gir adgang til kommunikasjon. Berre i dei tilfeller kor det føreligger ein forholdsvis nærliggande fare, (jf. ”vesentlig fare”) for alvorlege tilfeller av narkotikaomsetjing eller voldstilfeller, gir lovverket adgang for barnevernet til å informere politiet.⁴⁷

Barnevernloven § 6-4 andre ledd stiller krav til opplysningsplikt for offentlege aktørar. Dette inneberer at politiet har plikt til å melde i frå til barnevernet viss dei kjenner til at barn (under 18 år) som utsettes eller utsetter seg sjølv for alvorleg eller vedvarande risiko for utvikling. Opplysningsplikten er eit sjølvstendig og personleg ansvar. Det er dermed opp til den enkelte polititilsette som sitter med opplysningane å bringe bekymringa fram for barnevernet. Då det er ei opplysningsplikt, kan ein ikkje velje om ein vil melde bekymringane vidare til barnevernet viss ein er bekymra omsorgssvikt eller åtferdsproblem. Bekymringa utløyser ei plikt til å varsle barnevernet⁴⁸. Då blir teieplikta satt til side

Politiet melder og i frå til barnevernet i forbindelse med underretning om iverksatt etterforskning på barn under 18 år, jf straffeprosessloven § 232a, eller ved overføring av straffesak for barn under 15 år til barnevernstenesten, jf straffeprosessloven § 71b. I forhold til påtaleunnlating og ungdomskontrakt vil tilfeller med opplysningsplikt og underretning om iverksatt etterforskning vere aktuelt. Når det gjeld opplysningsplikt kan bekymring vere sendt både før, under eller etter at ungdomskontrakten er tråd i kraft.

7.3 Andre samarbeidsaktørar si teieplikt

Andre aktuelle samarbeidspartnarar i eit tverretatleg samarbeid vil kunne vere skule, helsesøster/ lege, og frivillige organisasjonar. Eg vil her kort berre gje ein oversikt over kva lovgrunnlag dei har og forholde seg til.

Når det gjelder helsesøster/ lege er dei omfatta av helsepersonelloven §§ 2 og 3 og § 48⁴⁹. Helsepersonell har adgang til å gje opplysingar til politiet i førebyggjande eller avvergjande øyemed, etter helsepersonelloven § 23 nr 4, viss det er tungtveiande private eller offentlege interesser for at opplysningane gis vidare. Myhrer skriver at det må vere ein vesentleg

⁴⁷ Myhrer 2011, side 28

⁴⁸ Rundskriv Q 24.mars 2005, side 6

⁴⁹ Lov av 2.juli 1999 nr 64: Lov om helsepersonell m.v (Helsepersonelloven)

interesseovervekt i favør av å bringe opplysningane vidare, og at interesseovervekt først vil føreligge når det er tale om grov legemsbeskadigelse, jf strl. § 231⁵⁰

Skuleverket har teieplikt etter opplæringsloven § 15-1⁵¹ Etter fvl. § 13b første ledd nr 6 kan skulen annelde eller gje opplysningar til politiet når det finnest ønskeleg av allemennenssyn. Skulen kan dermed annelde og gje opplysningar eigna til å førebygge lovbrøt.

Frivillige organisasjonar har ikkje noko lovbestemt teieplikt, men dei kan ha interne regler som hindrar dei i å bidra med informasjon.

Det viktigaste med teieplikt i forhold til politiet sitt kriminalitetsføbyggande arbeid, vil vere at ein må vere oppmerksam og bevisst på at ein ikkje vil kunne få tilbake like mykje informasjon som ein gir fordi andre aktørar si teieplikt er strengare enn politiet si.

7.4 Samtykke

Det beste utgangspunktet for eit tverretatleg samarbeid er å skaffe samtykke frå ungdom og foreldre/ verje. Myrer, 2011 side 20 framstiller samtykke som eit generelt samfunnsfundament jf forvaltningsloven § 13 nr 1, straffeprosessloven § 61 nr 1 og helsepersonelloven § 22. Gjennom eit samtykke vil ein kunne oppnå den kontroll og forutberegnelighet som teieplikta sine regler er begrunna på.

For at eit samtykke skal vere gyldig er to krav som stilles. Samtykke skal vere frivillig, uttrykkeleg og informert. Ein krevjar eit uttalt samtykke og at den som samtykker må vite kva opplysningar det er aktuelt å formidle, kven dei skal gjerast kjent for og korleis motparten vil forvalte opplysningane som dei får tilgang til⁵². Det andre går på kven som kan og må avgi samtykket. Hovudregelen er at samstykket skal gis av den berettiga, i hovudsak den som opplysningane angår. For personer under 18 år, som er hovudmålgruppa til ungdomskontrakt, må ein legge til grunn etter barnevernsloven § 6-3, at umyndige og verje skal samtykke. Det stilles ingen krav til at samtykke skal innhentast skriftleg, men det bør normalt gjerast. Samtykke i forbindelse med ungdomskontrakt vil vere nyttig å innhente på same tid som ein skrive under kontrakten for å spare tid og legge til rette for best mogleg oppfølging i frå starten av. Det er viktig at ein i denne prosessen sørgjer for at ungdomen og verje forstår kva opplysningar som vil formidlast og kva formålet med formidlinga er. Dette for å unngå

⁵⁰ Myhrer 2011, side 29

⁵¹ Lov av 17.juli 1998 nr 61: Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova)

⁵² Myrer 2011, side 20

misforståing mellom ungdom/ verje og politi og hjelpeapparat på den andre sida. Samstundes må ein og vere merksam på dilemma som kan oppstå i forbindelse med eit samtykke og opplysningar som tverretatlege etatar kan dele uavhengig av teieplikt. Det for å unngå at ungdomen og familien får eit inntrykk av at dei har ein reell moglegheit til å bestemme kva opplysningar som skal delast mellom politi og f. eks barnevern og skule når desse etatane har heimel til å dele informasjon uavhengig av kva familien måtte meine⁵³.

7.5 Informasjonsutveksling

Barnevernet har spesielle kompetanse vedrørende hjelp og støtte til barn og unge som har problematiske oppvekstvilkår, herunder åtferdsvanskar. Barnevernet har etter bvl. § 1-3 plikt til å arbeide førebyggande i forhold til åtferdsproblem. Behandling av åtferdsproblem bør skje i naturlege omgivnader og alle aktuelle instansar bør bli involvert, som skule, familie, arbeidsgjevar og polit. For å kunne utveksle informasjon i eit slikt tverretatleg samarbeid er det nødvendig med samtykke. Eit godt samarbeid her, og med god informasjonsutveksling vil ein kunne hjelpe ungdomen til ein betre kvardag, og hindre vidare utvikling av antisosial åtferd. Informasjon som blir utveksla vil i utgangspunkt ha relasjon til dei individuelle vilkåra som er satt i ungdomskontrakten.

Viktig å påpeike at det ikkje er barnevernet ~~her~~ som vil ha hovudansvaret, men at dette er eit samarbeid dei ulike aktørane seg i mellom. Ofte vil det vere ein kontaktperson enten frå kommunen, eller politiet som har ansvar for å følgje opp dei ulike dele, og koordinerer med dette samarbeidet mellom dei ulike etatane.

8 AVSLUTNING

I denne oppgåva har eg forsøkt å svare problemstillinga mi med utgangspunkt i juridisk litteratur, forarbeid, samt at eg har brukt ein del pensum frå hovudområdet førebyggande. Eg har drøfta forståinga av oppportunitetsprinsippet og påtaleunnlating med vilkår, og sett på korleis politiet kan bruke ungdomskontrakt med vilkår for å førebygge nye straffbare handlingar blant barn og ungdom. Det er ulike vilkår ein setter i ei ungdomskontrakt for å kunne hjelpe ungdom og familie på rett veg. Gjennom oppgåva har eg sett at det kan vere nokre utfordrande hinder på vegen, spesielt det med brot på individuelle vilkår, om ungdomen skal få ein åtvaring, og ny sjanse til å forsette, eller om ein skal gjere om påtaleunnlatinga til ei ordinær straffesak, med for eksempel førelegg som reaksjon. Når det gjelder kva saker som

⁵³ Lie 2011, side 80

eignar seg for ungdomskontrakt gir riksadvokaten retningslinjer om at saker med ”kvardagskriminalitet” bør vere eit utgangspunkt, då største delen av denne gruppa består av ungdommar.

Gjennom arbeidet med juridiske litteraturen og oppgåva har eg komme fram til at moglegheitene for å sette vilkår i ein ungdomskontrakt er mange, berre ein ser kva moglegheiter som ligger i lovverket og rettslitteraturen.

Vilkår og hensikta ved ungdomskontrakt viser at det ikkje berre er eit hovudfokus på at den enkelte ungdom skal holde seg borte frå nye lovbrøt, og bli rusfri. Ungdomskontrakten har også eit fokus på at ungdommen skal få orden på andre områder i livet blant anna arbeid, skule, familie, fritidsaktivitetar, og sosiale forhold. Dersom ein reaksjon blir kombinert med relevante sosiale målretta hjelpetiltak, vil det vere større moglegheit for å hindre tilbakefall. Ungdomskontrakt gir moglegheit for ein slik kombinasjon.

Ved at ungdommen og foreldra samtykker til at politiet og andre aktørar i eit tverretatleg samarbeid har moglegheit til å utveksle informasjon om ungdommen utan at teieplikta, og hensynet til personopplysningar står i vegen, er dette eit godt utgangspunkt for å skape ei god ramme rundt ungdommen for oppfølging frå dei ulike aktørane.

9 LITTERATURLISTE

Andenæs, J. (1994). *Straffen som problem*. Halden: Exil.

Andenæs, J & Myhrer, T-G. (2009) *Norsk straffeprosess* (4.utg) Oslo: Universitetsforlaget.

Auglend, R. , Mæland, H. J. & Røsandhaug, K. (2004) *Politirett* (2.utg.). Oslo: Gyldendal Akademisk.

Barnevernloven (1992): *Lov om barnevernstenester av 17.juli 1992, nr 100*. Henta frå lovdata 02.mai 2013 frå <http://www.lovdata.no/all/hl-19920717-100.html>

Bjerke, H.K. & Keiserud. E. & Sæther, K.E, (2012) *Straffeprosessloven, kommentarutgave – Universitetsforlaget/ kommentarutgaver.no* – Straffeprosessloven § 69. Henta 26.10.2012

Bjerke, H.K., Keiserud. E., Sæther, K.E, (2012) *Straffeprosessloven, kommentarutgave – Universitetsforlaget/ kommentarutgaver.no* – Straffeprosessloven § 70. Henta 26.10.2012

- Bjerke, H.K., Keiserud. E., Sæther, K.E, (2012) *Straffeprosessloven, kommentarutgave – Universitetsforlaget/ kommentarutgaver.no* – Straffeprosessloven § 71a. Henta 26.10.2012
- Bjerke, H.K., Keiserud. E., Sæther, K.E, (2012) *Straffeprosessloven, kommentarutgave – Universitetsforlaget/ kommentarutgaver.no* – Straffeloven § 53. Henta 26.10.2012.
- Boe. E (2010) *Grunnleggende juridisk metode – en introduksjon til rett og rettstenking* (2.utg.). Oslo: Universitetsforlaget
- EGGE, M. (2004) *Forsøk med ungdomskontrakter – en alternativ rekasjonsform rettet mot unge lovbrøyttere*. Oslo: Politihøgskolen forskning.
- Fredriksen, S. (2009). *Innføring i straffeprosess* (2. utg.). Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Forvaltningsloven (1967): *Lov om behandlingsmåten i forvaltningssaker av 10.februar 1967*. Henta frå lovdata 08.mai 2013 frå <http://www.lovdata.no/all/hl-19670210-000.html>
- Helsepersonelloven (1999): *Lov om helsepersonell m.v. av 2.juli 1999, nr 64*. Henta frå lovdata 08.mai 2013 frå <http://www.lovdata.no/all/hl-19990702-064.html>
- Justis- og politidepartementet (2009) *Gode krefter – Kriminalitetsforebyggende handlingsplan 35 tiltak for økt trygghet*.
- Kippe, H & Seiersten, A. (2004) *Alminnelig strafferett med innføring i spesiell strafferett* (2.utg) Nesbu: Vett & Viten
- Lie, E. M. (2011). *I forkant: Kriminalitetsforebyggende politiarbeid*. Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Legemiddeloven (1992): *Lov om legemidler m.v. av 4.desember 1992, nr 132*. Henta frå lovdata 25.april 2013 frå <http://www.lovdata.no/all/hl-19921204-132.html>
- Myhrer, T-G. (2001) *Personvern og samfunnsforsvar: om taushetsplikt og yringsrett i straffesaksbehandlingen*. Oslo: Cappelen Akademiske
- Myhrer, T-G. (2011). *Vern eller hinder?: Taushetsplikten i det kriminalitetsforebyggende samarbeid mellom etatene*. Oslo: Politihøgskolen. Upublisert.
- NOU 2003: 15 Fra bot til bedring. Et mer nyansert og effektivt sanksjonssystem med mindre bruk av straff. Oslo: Justis- og politidepartementet
- NOU 2008: 15 Barn og straff. Oslo: Justis- og politidepartementet
- NOU 2009: 15 Skjult informasjon – åpen kontroll. Oslo: Justis- og politidepartementet
- Opplæringslova (1998): *Lom om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa av 17.juli 1998, nr 61*. Henta frå lovdata 08.mai 2013 frå <http://www.lovdata.no/all/hl-19980717-061.html>
- Ot.prp.nr 106 (2001-2002) Om lov om endringar i straffeprosessloven og politiloven m.m. Oslo: Justis – og politidepartementet
- POD (2011). *Veileder for politiets bekymringssamtale*. Oslo: Politidirektoratet.

Politiloven (1995) *Lov om politiet av 4.august 1995, nr 53*. Henta frå lovdata 02.mai 2013 frå <http://www.lovdata.no/all/hl-19950804-053.html>

Prop. 135 L (2010 – 2011) Endringer i straffeloven, straffeprosessloven, straffegjennomføringsloven, konfliktrådsloven m.fl. (barn og straff) Oslo: Justis- og politidepartementet.

Påtaleinstruksen (1985): *Forskrift om ordning av påtalemyndigheten av 28.juni 1985, nr 1679*. Henta frå lovdata 08.mai 2013 frå <http://www.lovdata.no/for/sf/jd/xd-19850628-1679.html>

Riksadvokaten (1981) Rundskriv nr 4/1981 om nye regler om betinget dom og strafferettslige prøvesituasjoner. Oslo: Riksadvokaten

Riksadvokaten (1989) Rundskriv nr 6/1989 om påtaleunntatelse. Oslo: Riksadvokaten

Riksadvokaten (2008) Rundskriv nr 4/2008 om konfliktråd. Oslo: Riksadvokaten

Rundskriv Q-24, mars 2005 Barnevernet og taushetsplikten, opplysningsretten og opplysningsplikten. Oslo: Barne og familiedepartementet.

Straffeloven (1902): *Almindeleg borgerleg straffelov av 22.mai 1902, nr 10*. Henta frå lovdata 08.mai 2013 frå <http://www.lovdata.no/all/hl-19020522-010.html>

Straffeprosessloven (1981): *Lov om rettergangsmåten i straffesaker av 22.mai 1981, nr 25*. Henta frå lovdata 08.mai 2013 frå <http://www.lovdata.no/all/hl-19810522-025.html>

9.1 Sjølvvalt pensum:

Boe, E (2010) *Grunnleggende juridisk metode – en introduksjon til rett og rettstenking* (2.utg.). Oslo: Universitetsforlaget. Kap 20,21,22, 25, 26 og 27 (31 sider)

Bjerke, H.K. & Keiserud, E. & Sæther, K.E, (2012) *Straffeprosessloven, kommentarutgave – Universitetsforlaget/ kommentarutgaver.no* – Straffeprosessloven § 69. Henta 26.10.2012 (4 sider)

Bjerke, H.K., Keiserud, E., Sæther, K.E, (2012) *Straffeprosessloven, kommentarutgave – Universitetsforlaget/ kommentarutgaver.no* – Straffeprosessloven § 70. Henta 26.10.2012 (2 sider)

Bjerke, H.K., Keiserud, E., Sæther, K.E, (2012) *Straffeprosessloven, kommentarutgave – Universitetsforlaget/ kommentarutgaver.no* – Straffeprosessloven § 71a. Henta 26.10.2012 (2 sider)

Bjerke, H.K., Keiserud, E., Sæther, K.E, (2012) *Straffeprosessloven, kommentarutgave – Universitetsforlaget/ kommentarutgaver.no* – Straffeloven § 53. Henta 26.10.2012. (9 sider)

Egge, M. (2004) *Forsøk med ungdomskontrakter – en alternativ rekasjonsform rettet mot unge lovbrøyttere*. Oslo: Politihøgskolen forskning. Kap 1 og 4 (38 sider)

NOU 2008: 15 Barn og straff. Oslo: Justis- og politidepartementet. Kap 3,5 og 6 (61 sider)

Prop. 135 L (2010 – 2011) Endringer i straffeloven, straffeprosessloven, straffgjennomføringsloven, konfliktrådsloven m.fl. (barn og straff) Oslo: Justis- og politidepartementet. Kap 1,2,3,4,5,7,9 og 10 (111 sider)

Totalt antall sider pensum: 258 sider